

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

**Innkalling
til
Representantskap for IKA Hordaland IKS**

Møtedato: Onsdag 25.04.18
Møtestad: Møterom 2. etg. c/o Bergen Byarkiv, Kalfarveien 82, 5022 Bergen
Møtetid: 12:00-15:00

Kommunen skal sjølv kalle inn varamedlemmer etter liste.
For å sikre at vi er røysteføre skal deltaking eller forfall skal meldast til administrasjonen
innan måndag 09. april. på fyljande lenke: <https://no.surveymonkey.com/r/LY7958N>

Sakliste

Saksnr.	Tittel
Sak 01/18	Oppteljing av representantskapsmedlemmer
Sak 02/18	Godkjenning av innkalling
Sak 03/18	Val av protokollnemnd
Sak 04/18	Presentasjon frå selskapet
Sak 05/18	Årsmelding 2017
Sak 06/18	Rekneskap 2017
Sak 07/18	Revidert årsbudsjet 2018
Sak 08/18	Selskapsavtale, eigardel, eigartilskot 2020
Sak 09/18	Budsjett og eigartilskot 2019
Sak 10/18	Handlings- og økonomiplan 2019-2022
Sak 11/18	Val av styre
Sak 12/18	Styregodtgjersle
Sak 13/18	Val til valnemnd
Sak 14/18	Føresegn for valnemnda

Sakspapir

Saksnr.	Utval	ArkivsakID
01/18	Representantskap IKA Hordaland IKS	18/138

Oppteljing av representantskapsmedlemmer

Saksutgreiing:

I følge selskapsavtalen, skal det gjerast oppteljing av dei frammøtte representantskapsmedlemmene. Representantskapet er vedtaksføre dersom 16 eller fleire av eigarane er til stades, samt 67 % av eigardelane er representert.

Forslag til vedtak:

Vert valt i møte.

Sakspapir

Saksnr.	Utval	ArkivsakID
02/18	Representantskap IKA Hordaland IKS	18/138

Godkjenning av innkalling

Saksutgreiing:

I følgje selskapsavtalen § 9, skal leiar i Representantskapet kalle inn til møte med fire vekers varsel. Innkallinga skal vere skriftleg og innehalde sakliste. Deltakarkommunane skal ha varsel om representantskapsmøte med same frist. Ordinært representantskapsmøte skal gjennomførast innan utgangen av april månad.

Forslag til vedtak:

Representantskapet godkjenner innkallinga.

Sakspapir

Saksnr.	Utval	ArkivsakID
03/18	Representantskap IKA Hordaland IKS	18/138

Val av protokollnemnd.

Saksutgreiing:

Møteleiar er ansvarleg for at det vert ført protokoll frå møta. Protokollen skal underskrivast av møteleiar og to representantskapsmedlemmer som vert valde ved møtestart.

Forslag til vedtak:

To representantar til å underskrive protokollen.

Sakspapir

Saksnr.	Utval	ArkivsakID
04/18	Representantskap IKA Hordaland IKS	18/138

Presentasjon frå selskapet

Saksutgreiing:

Administrasjonen gjev ein presentasjon kring aktivitet, resultat samt utfordringar for framtida.

Forslag til vedtak:

Representantskapet tek presentasjonen til vitande.

Sakspapir

Saksnr.	Utval	ArkivsakID
05/18	Representantskap IKA Hordaland IKS	18/138

Årsmelding 2017

Saksutgreiing:

Årsmelding 2017 inngår som ein del av *Årsrapport 2017* som ligg vedlagt.

Styret godkjenner og signerer årsmelding for 2017. Styret gjer fyljande framlegg til vedtak i representantskapet:

Forslag til vedtak:

Representantskapet godkjenner *Årsmelding frå styret for 2017*.

Sakspapir

Saksnr.	Utval	ArkivsakID
06/18	Representantskap IKA Hordaland IKS	18/138

Rekneskap 2017

Saksutgreiing:

Rekneskap for 2017 med noter og revisors beretning er presentert i *Årsrapport 2017*

Styret godkjenner og signerer årsrekneskapet for 2017. Styret gjer framlegg om fyljande vedtak i representatskapet:

Forslag til vedtak:

1. Rekneskap 2017 med noter og revisor si beretning vert godkjent.
2. Rekneskapsmessig mindreforbruk på 1 173 007,- vert avsett på disposisjonsfond.

Sakspapir

Saksnr.	Utval	ArkivsakID
07/18	Representantskap IKA Hordaland IKS	18/138

Revidert budsjett 2018

Saksutgreiing:

Selskapet sine inntekter frå oppdragsavtalar etter selskapsavtalen § 4, vert estimert til å vere 800 000 høgare enn opprinneleg budsjettet. I tillegg vert inntektene frå papirdepot 900 000 høgare enn opprinneleg budsjettet, som eit resultat av at kommunane ynskjer å deponere store mengder arkiv i samband med pålegg etter tilsyn frå Arkivverket og som eit resultat av føringar i kommunereforma.

Oppdraga vert seld til sjølvkost og er bemanningskrevjande. I tillegg vil det at arkivmengda samt talet på innsyn aukar medføre at vi må leige meir areal samt auke bemanninga for å kunne levere både tenestene.

Det økte handlingsrommet i driftsbudsjettet vert difor nytta til å leige meir areal samt til å auke bemanninga. Eigartilskotet vert ikkje påverka av budsjettendringa.

Forslaget til revidert budsjett vert presentert i *Årsrapport for 2017*.

Styret gjer fyljande framlegg til vedtak:

Forslag til vedtak:

Representantskapet vedtek revidert budsjett for 2018.

Sakspapir

Saksnr.	Utval	ArkivsakID
08/18	Representantskap IKA Hordaland IKS	18/138

Selskapsavtale eigardel og eigartilskot 2020

Saksutgreiing:

I samband med kommunereforma har styret fått i oppdrag å leggje fram ein ny modell for eigardeler og tilskot for selskapet gjeldande frå 2020. Modellen har vore presentert på eigarmøter i 2017 og i 2018 mellom anna gjennom regionråda.

Eigardelane er fordelt ut i frå kor mykje den enkelte kommune yter i årleg eigartilskot til selskapet. Eigardelane skal justerast kvart 4. år og fyrste gong i 2024 på bakgrunn av endringar i folketal og/eller inntreden og utmelding.

Kommune	Eigardel %	Kommune	Eigardel %
Alver kommune	6,2	Masfjorden kommune	3,3
Askøy kommune	6,2	Modalen kommune	3,1
Austevoll kommune	3,6	Osterøy kommune	4,0
Austrheim kommune	3,4	Samnanger kommune	3,4
Bjørnafjorden kommune	5,7	Stord kommune	5,1
Bømlo kommune	4,4	Sveio kommune	3,7
Eidfjord kommune	3,2	Tysnes kommune	3,4
Etne kommune	3,5	Ullensvang kommune	4,3
Fedje kommune	3,2	Ulvik herad	3,2
Fitjar kommune	3,4	Vaksdal kommune	3,5
Kvam herad	4,0	Voss herad	4,7
Kvinnherad kommune	4,5	Øygarden kommune	7,1
Sum:			100

Tilskotsmodellen tek utgangspunkt i eit grunnbeløp som er likt for kvar eigarkommune i tillegg til eit fast kronebeløp for kvar innbyggjar ut frå tal frå SSB pr. 1 januar føregåande år.

Ny tilskotsmodell frå 2020

Fast tilskot	kr 91 667,00		
Kronebeløp pr. innbyggjar	kr 3,15		
Kommune	Innbyggartal pr. jan 2018	Tilskot pr. 2019 jfr. gjeldande tilskotsmodell og handlings og økonomiplan 2018-2021	Tilskot 2020 ut i frå ny tilskotsmodell og ny Handlings og økonomiplan 2019-2022
Alver kommune	28880	595 455 ¹	182 639
Askøy kommune	28821	235 018	182 453
Austevoll kommune	5156	142 405	107 908
Austrheim kommune	2884	100 656	100 752
Bjørnafjorden kommune	24047	377 423 ²	167 415
Bømlo kommune	11806	235 018	128 855
Eidfjord kommune	921	100 656	94 568
Etne kommune	4135	142 405	104 692
Fedje kommune	587	100 656	93 516
Fitjar kommune	3189	142 405	101 712
Kvam herad	8423	180 213	118 199
Kvinnherad kommune	13241	235 018	133 376
Masfjorden kommune	1710	100 656	97 053
Modalen kommune	383	100 656	92 873
Osterøy kommune	8026	180 213	116 949
Samnanger kommune	2488	100 656	99 504
Stord kommune	18821	235 018	150 953
Sveio kommune	5656	180 213	109 483
Tysnes kommune	2847	100 656	100 635
Ullensvang kommune	11510	423 275 ³	127 924
Ulvik herad	1131	100 656	95 230
Vaksdal kommune	4123	142 405	104 654
Voss herad	15477	335 674 ⁴	140 420
Øygarden kommune	37175	557 637 ⁵	208 768
	241 437	5 145 046	2 960 535

Ved vedtak om ny selskapsavtale er det ein føresetnad at det vert gjort likelydande vedtak i alle eigarane sine kommunestyre. Selskapsavtalen er ikkje endeleg godkjend før den er godkjend i føretaksregisteret.

¹ Samla beløp for Lindås, Meland ,og Radøy gamle kommunane

² Samla beløp for Os og Fusa kommune

³ Samla beløp for Odda, Ullensvang og Jondal kommune

⁴ Samla beløp for Voss og Granvin kommunane

⁵ Samla beløp for Øygarden, Fjell og Sund

Styret gjer framlegg om fyljande vedtak i representantskapet:

Forslag til vedtak:

1. Representantskapet vedtek modell for eigardel samt tilskotsmodell og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.
2. Representantskapet tilrår ny selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv (regionnamn) IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.
3. Representantskapet gjer framlegg om likelydande vedtak i kommunestyra innan 01.01.2020 og for nye kommunar 01.03.2020:

XX..... kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv (regionnamn) IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Framlegg til ny selskapsavtale ligg vedlagt.

Sakspapir

Saksnr.	Utval	ArkivsakID
09/18	Representantskap IKA Hordaland IKS	18/138

Budsjett og eigartilskot 2019

Saksutgreiing:

Budsjett og eigartilskot for 2019 ligg vedlagt. Føresetnader for budsjett og eigartilskot er presentert i saksframlegget til handlings- og økonomiplan 2019-2022 sak 10/18.

Styret gjer framlegg til fyljande vedtak:

Forslag til vedtak:

1. Representantskapet vedtek eigartilskot 2019 med dei føresetnader slik presentert i framlegget til handlings- og økonomiplan 2019-2022 sak 10/18.
2. Representantskapet vedtek budsjettramma for 2019 på kr 12 000 000,-

Sakspapir

Saksnr.	Utval	ArkivsakID
10/18	Representantskap IKA Hordaland IKS	18/138

Handlings- og økonomiplan 2019-2022

Saksutgreiing:

Handlings- og økonomiplan 2019-2022 ligg vedlagt. Planen er utarbeidd etter strategimåla som er satt i strategi 2017-2021 og bygger vidare på handlings- og økonomiplan 2018-2021

Eit viktig punkt i denne perioden vil vere konsekvensar av kommune- og regionreforma for selskapet. Reforma gjev utslag både på talet eigarar og totaløkonomien i selskapet. Den noverande eigardel- og tilskotsmodellen vil føre til eit inntektstap for selskapet samstundes som mengda av oppgåver som selskapet skal løyse aukar monaleg.

Erfaringar syner at behovet for arkivfaglege tenester er vesentleg høgare både før, under og etter ei kommunesamanslåing. Samstundes har óg fleire av dei andre eigarkommunane store etterslep på det arkivfaglige arbeidet.

I dei siste åra har mengda arkiv som vi forvaltar på vegne av kommunane tidobla seg og det er naudsynt å styrke depotsida for å kunne ta i mot, ordne og betene papirarkiva.

Siste året har det vore ei stor etterspurnad etter ordningstenester frå eigarane. Dette kjem som eit resultat av kommunereforma og fleire tilsyn frå arkivverket. Arkivverket har orientert om at dersom kommunane set vekk slike ordningsoppdrag til t.d. oss, så bør ikkje oppdraget strekke seg lenger enn 5 år og at dei skal innehalde ein finansierings- og framdriftsplan for arbeidet.

Som ein konsekvens av auka etterspurnad etter tenester lyt bemanninga aukast. Dei siste åra har ein leige inn ekstra personale for å ta unna dei største toppane, men ein slik praksis er ikkje haldbar i lengda.

Styret har difor i sak 08/18 gått inn for å endre eigardel og tilskotsmodellen slik at dei fleste, samt nye samanslåtte kommunar, får eit lågare eigartilskot frå og med 2020. Dette vil frigje ein del midlar som kommunen kan nytte til oppdrag og forbruksbaserte tenester.

Handlings og økonomiplan 2019-2022 ligg vedlagt. Styret gjer fyljande framlegg til vedtak:

Forslag til vedtak:

Representantskapet vedtek handlings- og økonomiplan 2019-2022.

Sakspapir

Saksnr.	Utval	ArkivsakID
11/18	Representantskap IKA Hordaland IKS	18/138

Val til styret

Saksutgreiing:

Valnemnda si innstilling vert lagt fram i møte

Forslag til vedtak:

Val vert føreteke.

Sakspapir

Saksnr.	Utval	ArkivsakID
12/18	Representantskap IKA Hordaland IKS	18/138

Styregodtgjersle 2018/2019

Saksutgreiing:

Valnemnda si innstilling vert lagt fram i møte.

Forslag til vedtak:

Valnemnda sitt forslag vert vedteke.

Sakspapir

Saksnr.	Utval	ArkivsakID
13/18	Representantskap IKA Hordaland IKS	18/138

Val av valnemnd 2018/2019

Saksutgreiing:

Styret har vore i kontakt med fylgjande medlemmer til valnemnda 2017/18

Leiar: Aud Gunn Løklingholm, Bømlo kommune
Medlem: Sigmund Vikane, Modalen kommune
Medlem: Mari Mæland, Granvin kommune

Medlemmene har sagt seg villig til gjenval.

Styret foreslår gjenval av valnemnd for perioden 2018/19.

Forslag til vedtak:

Representantskapet gjer fyljande vedtak

Valnemnd for perioden 2018/19

Leiar: Aud Gunn Løklingholm, Bømlo kommune
Medlem: Sigmund Vikane, Modalen kommune
Medlem: Mari Mæland, Granvin kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	ArkivsakID
14/18	Representantskap IKA Hordaland IKS	18/138

Føresegn for valnemnda

Saksutgreiing:

Selskapet har ikkje eige føresegn for valnemnda sitt arbeide. Representantskapet har bedt styret om å utarbeide eit forslag til føresegn for valnemnda og leggje denne fram for behandling på det kommande representantskapsmøte.

Føresegn for valnemnda ligg vedlagt.

Styret godkjenner føresegn for valnemnda og gjer fyljande framlegg til vedtak:

Forslag til vedtak:

Representantskapet vedtek føresegn for valnemnda.